

Søknad om hjelpetiltak til barnevernstenesta

Det er berre foreldra/føresette og barnet sjølv som kan levere søknad om hjelpetiltak til barnevernstenesta. Offentleg instans kan og bør likevel bistå søkjar med hjelp til å utforme søknaden. Døme på aktuelle tiltak; støttekontakt, besøksheim mm.

Søknaden må innehalde nok informasjon om bakgrunnen for søknaden for at barnevernstenesta skal kunne behandle denne. Ved søknad om økonomisk stønad for barnet skal det ligge ved dokumentasjon på behovet for slik stønad. Barnevernstenesta kan ikkje gje økonomisk stønad i staden for, eller i tillegg til, økonomisk sosialhjelp etter sosialtenestelova fordi barnet sine føresette har dårleg økonomi.

Offentleg hjelpeinstans kan i samarbeid med den som søkjer be om møte med barnevernstenesta før eller etter innlevert søknad for å gå gjennom behovet.

Dersom offentlig instans vurderer at barnet på grunn av forholda i heimen, eller av andre grunnar har særskilte behov for hjelpetiltak frå barnevernstenesta, bør ein vurdere å likevel sende melding til barnevernstenesta. Slik melding kan sendast i samarbeid med føresette eller barnet sjølv.

Det er opp til barnevernstenesta å vurderer på kva måte søknaden skal verte behandla. Dersom barnevernstenesta med bakgrunn i opplysningane i søknaden, eller etter kontakt med søkjar, finn at det ligg føre forhold som kan gje heimel for å opne undersøking etter bvl §4-3, skal barnevernstenesta behandle søknaden som melding.

Barnevernstenesta skal innan ei veke gå gjennom søknaden og vurdere på kva måte den skal behandlast. Søkjar skal innan tre veker har skriftleg svar på at søknaden er motteken, korleis den vert handsama, og kor lang tid ein ventar at sakshandsamingstida vert.

Det skal fattast vedtak om innvilging eller avslag på søknad, då søkjar har klagerett på denne.